



Grimsdalen i Dovre



**Natur- og kulturstigen
Paradisrunda på
Tollevshaugen**




PARADISRUNDA - Tollevshaugen

- Er eit stoppunkt og tilbod på Nasjonalparkruta.
- Innehalder temaer knytta til sæterbruk og naturen rundt sætergrenda.
- Lengda er ca. 3.5 km og er merka med trepålar m/nummer(blått merke/symbol for stig) som refererer til informasjon i guideheftet.
- Det er ikkje informasjonsskilt ute i terrenget.
- Start- og utgangspunkt er parkeringsplassen (P) m/ hovudinformasjon (i) for natur- og kulturstigane som går ut frå Tollevshaugen.

Tema / Innhold

- 1 **Tollevshaugen**, tema om sæterhusa og kveene, historie, bruk og tradisjon
- 2 **Vasskjeldene**, viktig føresetnad for lokaliseringa og drift.
- 3 **Lokkarråk**, stigar skapt av bufe og historie om bruken. Råket til venstre går om Rausteinane (merket med **gul** farge)
- 4 **Dalboten**, med elva Grimse, som stadig har skifta far, og litt om vassdraga i Haverdalen og Dørålen.
- 5 **Paradis**, områdebeskrivelse, namn på fjella, strandlinia (skapt av smeltevatnet) m.m. God utsikts- og kvileplass.
- 6 **Bjørkeskogen**, bruken og betydningen for sætring (ysting, forvaltning), utbreiing...
- 7 **Tollevshaugen verneområde**, om barskogen, bruk/utbreiing, forvaltning, historie... Eit område av barskogen er verna.
- 8 **Stakstosæter**, historie. Råket her er ein del av den gamle ferdelsvegen mellom sætrene, og mot sør-aust går den til Stakstosætene.
- 9 **Geitene**, bruk/utbreiing gjennom tidene.
- 10 **Tilgroing**, tiltak/prosessar, her referert til Grimsdalsprosjektet.



PARADISRUNDA

Paradisrunda går austover frå sætergrenda til området mellom to kollar som heiter Øvre og Nedre Paradis. Frå der er det god utsikt og det er eit fint turmål i seg sjølv. Vidare frå Paradis går stigen ned i skogen som er ei blanding av ung og gammal skog av bjørk og furu. Her er landskapet og vegetasjonen variert, og her er mykje å sjå.

Når stigen deler seg, er den delen som skil seg frå, skilta og merka eit stykke med pålar som er gule på toppen / på kartet.

Det er her skrive litt om sætergrenda, bruk og tradisjon, og om utmarka omkring og bruk av den i samband med sæterdrifta, med utgangspunkt i det vi ser frå stien. Ein del av pålane har nummer som refererer til omtale i denne vandreboka. Det første punktet har tema som tek utgangspunkt i utsynet du har over sæterområdet frå bakken ovanfor sætra, eller du kan gå gjennom troa (sætergrenda) først.

Vil du ikkje ha for lange stopp under turen, kan du lese berre det med stor skrift og så kan den som vil vite meir, lese resten seinare.



1. TOLLEVSHAUGEN

Dette er setergrenda Tollevshaugen som ligg på 1000 meters høgde. Namnet kjem truleg av toll som tyder småfuru, og det har da sikkert samanheng med furuskogbeltet frå nedanfor sætrene og austover. Dei eldste sætrene er frå før 1668.

Matrikkelen (liste over landets eigedommer) frå da syner at det var etablert to-tre sætrer på kvar stul (sætergrend) i Grimsdalen, og at det på Tollevshaugen var minst tre. Seinare har fleire kome til ved nyetableringar eller deling av gardar, slik at det frå ca. 1925 har vore 11 sætrer her.

Alle sætrene i Grimsdalen høyrer til gardar i Dovre, dei fleste frå midtbygda. Det var tradisjonell sæterdrift på alle sætrene til fram på 1950-talet. Ca. 1980 hadde dei fleste sluttat og ingen på Tollevshaugen var i drift. Den tradisjonelle sæterdrifta var mjølkeproduksjon med kyr og geiter.



Før det vart bilveg og mjølkelevering, foredla dei mjølka til ost og smør. Da var det arbeidsamt å vere budeie.

Frå gammalt var vanleg sæterreise i første halvdel av juni, og heimreise att siste halvdel av september. Ei tid, truleg det meste av 1800-talet og fram til ca. 1920, var det vanleg med vårlego, ei form for vintersætring. Dette skjedde siste gongen i 1937. Dei reiste da til sætra i midten av mars og var der til vanleg heimreisetid. Dette var organisert slik at det var samarbeid om oppkjøring av vegen, oftast andre tysdag i mars. Og det var mulkt for ikkje å møte opp. Sæterreisa i mars kunne stundom vere svært strabasiøs, og det hende nok at dei måtte ta dyr på sleden, eller dei måtte overnatte på ei sæter dei for framom.

Vårlego vart brukt for å føre opp høyet som dei dyrka på sæterkvea. I tillegg tok dei mose til fôr. Det var ofte lite snø her og snøbart på rabbane, så dyra kunne gå ute ei ri for dagen og ete litt lyng og kjørr og få i seg vatn eller snø. På den måten kom dei seg over vårnipa (fôrmangel om våren). Avdrøtten var nok heller liten med den fôringa dei hadde til rådvelde.

I mars køyrdet dei også fram til sætrene ved som dei hadde hogd og reist sommaren før. Dei som ikkje var der med dyra om våren, køyrdet heim sæterhøyet da. Og hadde dei fått tilvist tømmer, var det også om våren dei køyrdet det, anten til sætra der dei skulle bruke det, eller dei køyrdet det til sagbruk i Atndalen.

Det meste av maten dei åt sjølve, var laga av mjølk, for det var ikkje så mykje dei fekk med seg til sætra, og under vårlego hadde dei lite kontakt med bygda og måtte dermed greie seg med det dei hadde. Under vårløysinga var dei godt som isolerte ei tid.



Fra vårlegu - Tollevshaugen.

1.1. SÆTERHUSA

På Tollevshaugen er byggemåten særeigen ved at husa står tett i tett på både sider av troa (vegen). Frå gammalt var nok dei fleste fjøsa på nedre sida og sæterstugu på øvre sida av troa. Spesielt tett står husa der garden og dermed sætra vart delt, og den nye sætra vart plassert mellom to andre.

Det vanlege var at husa var lafta i tre rom. Det nordste rommet, det som vende frå sola, var bu til mat, og det hadde berre ein eller to små gluggar og hadde jordgolv. I midten var skålen med steingolv, ysteanne og gjerne peis. Utedøra var todelt, og der var sjeldan glas. Synst, mot sola, var stugu eller oppholdsrommet med tresgolv, omn eller peis, bord, benk, ei seng og eitt



Hovdelyu, etter restaurering.

glas. Dei minste brukta hadde oftast dei minste husa og det därlegaste tømmeret. På Tollevshaugen er fire av sæterstuguene frå 1790-talet og dei har fire rom. Det var ikkje så vanleg. Stugu var oftast ca. 4 x 10 m +-. Dørene både i stugu og fjøset var låge, oftast ikkje over 1,5 m, gjerne mindre.

Storleiken på fjøset var i høve til garden og dermed til buskapen. Dei fleste var tømra og hadde frå ein til



Svendsgardlåven, etter restaurering.



tre delevegger som hadde ein brei opning i midten. Somme hus hadde to tømra rom med skut (gang) imellom av stavlaft. Det fanst også fjøs mura av stein frå staden. Langt nede på kveene står lyu (løene), som kan vere alt frå eit enkelt firnova tømrarhus, til tohogda låve med køyrebru og hjell. Den mest særeigne har tre rom og ramloft med køyrebru og sleppvegg (ein vegg der det kan fjernast stokk for stokk så det kan køyrast rett gjennom låven). Dei nyaste løene var av reisverk og bord. Det er hevda at dei sto så langt frå fjøset fordi høyet dermed vart drygare. Når budeia skulle gje dyra fôr, bar ho ikkje meir enn ho måtte.

Dei fleste husa var tømra på staden av tømmer frå skogen i nærområdet. Bruk av skogen frå gammalt har utløyst bruksrett, og slik bruksrett følgjer sætrene her, i Grimsdal statsallmenning og i Nordre Atndalen (ved Fallet). Dessutan har sætrene på Tollevshaugen og Mesetra som hører til matrikkel-gardane (hovudbruka), bruksrett i Dalåsen (Folldal statsallmenning).

Da det tradisjonelle sæterbruket tok slutt sist på 1950- og utover 1960-talet, kom forfallet av sæterhusa og gjerda raskt til syne. Etter kvart vart husa, og særleg låvane eit trist syn etter kvart som taka rasa saman. Men så frå 1984 og utover vart det gjort mykje og



fleire tak kom på, delvis ved hjelp av dugnad. I 1983 tok daverande fylkeskonservator Arnfinn Engen initiativ for å redde husa. Det vart skaffa pengar (kr. 130000,-) frå Riksantikvaren og Norsk Kulturråd som vart fordelt på dei dårligaste husa, og det vart sett i gang dugnadsarbeid. Det inspirerte til innsats, og husa vart sette i bra stand og redda frå vidare forfall.

Gjerda mot utmarka vart også sett i stand slik at kveene vart brukt felles til beite, og det meste av dei falleferdige delegjerdene vart fjerna.



1.2. KVEENE

Det er relativt store kveer til sætrene på Tollevs-haugen, frå ca. 5 til ca. 15 da. Det er steinfull, men god jord. Det meste er berre overflatedyrka, d.v.s. stein er fjerna på overflata og det er jamna litt slik at ein kan slå med ljå og høye. Og så jamna det seg etter kvart ved at dei slødde mòkka (spreidde husdyrgjødsla på grasmarka og køyrdé ein heimelaga sloe over for å knuse og finfordele).

Mòkka køyrdé dei med slede og spreidde med greip. Så slødda dei med hest og rissloe eller stokksloe for å knuse og finfordele mòkka. Det vart mykje næringstag



av gjødsla på den måten, men det gav ei viss jordforbetring. Seinare vart ein del av jorda fulldyrka, det ser ein m.a. på steinmurane. Da kunne ein pløye og få mørkka ned i jorda, og ein kunne onne på meir moderne måte.



Høyonn

Høyet vart slått med ljå, og det kunne dei gamle. Det var viktig å vere god til å halde ljåen kvass. Det var vel vanleg å slå 2 – 3 da. pr. dag, men dei beste kunne slå opp til 5 da. om dagen. Sæterhøyet var smått og måtte derfor helst turkast på bakken. Vanleg oppfatning er vel at det å turke på bakken var lettvint, og det kunne det vere når det var god høyturk. Men var det ustabilt vær, kunne det vere svært så arbeidsamt. Fyrst måtte ein "breie" (spreie utover høyet), og det var gjerne budeia som gjekk bak slåttkaren og gjorde det. Ofte måtte ein "kå" (vende høyet med handrive). Så måtte ein gjerne "ruke" eller "høye" (lage såter). Slik kunne det gjerne stå i fleire dagar om det var ustabilt vær. Så



Høykøyring fra Grimsdalen.

måtte ein ofte "rive ruk" (spreie høyet utover att) når det vart høyturk, og ofte måtte ein gjere desse prosessane fleire gonger. Var ein uheldig med været så det tok for lang tid, vart gjerne kvaliteten på høyet dårleg. Dugnadsånda var ofte god, og dei hjelpte kvarandre. Når nokon hadde liggjande høyet flatt og det var likt til regn, kunne det med eitt vere mange på plass med river, og da gjekk det fort med å få høya eller kanskje å få det inn, og da var både ungar, kvinnofolka og karane med. Når det var turt, køyerde dei det til lyu med hest og sleperive laga av tre, og med reip til drag.

Høyet vart frå gamalt anten fora opp ved vårlego, (ei form for vintersætring), eller køyrd heim med hest. Det var i mars når vegen var oppkjørt ved felles innsats, og dei køyerde gjerne fleire i følgje. Det var sikrare om noko uventa skulle hende eller uvær skulle falle på. Eldste måten var å køre "umlagglass", d.v.s. dei brukte lange, tynne kvistar under reipa når dei "hjøla" (batt saman) lassa. Seinare skaffa dei seg høypresser for handmakt, gjerne heimgjorde, og på den måten fekk dei meir på lasset. Etter at det vart bilveg, vart høyet køyrd heim med traktor eller bil, og i dag blir det som blir hausta, køyrd heim som rundballar.

På Bergsengsætra er det ei samling gamle reiskap du kan få sjå. Det gjeld hestereiskap for våronn og slåtttonn, høypresse, reiskap for mosetaking o.s.v.

Slåtten på sætra var etter at dei var ferdig heime, vanlegvis kom dei ca. 10.-15. august. Da var det ofte mykje folk på sætrene, også ungane var ofte med, og da var det liv der. Var det dårleg høyturk, kunne dei bli i mange dagar. Og da dreiv karane gjerne med vedlikehaldsarbeid og med vedreising, vedhogging e.l.



Høykøyring 1956.



2. VASSKJELDENE

Vasstro, "Stokkane", ligg ca. 100 m ovanfor husa, og det er ei god og sikker vasskjelde som truleg har vore medverkande årsak til at sætrene vart lagt her. Det er to gamle uthola trestokkar til vasstrø, der vatnet kunne hentast om det var så turt at det ikkje rann ned til sætrene. Her vart det henta godt drikkevatn og reinvatn, f.eks. til å vaske nykinna smør.

Det var fleire små kjelder nærmere husa, der det var laga til kjøling til mjølka i form av trekister til å setje mjølkespanna nedi. Der vart det også laga mjølkeramper og bygd veg inntil da mjølke-leveringa med bil kom i gang i 1934. Grillplassen "Mjølkerampa" er ein slik plass. Først på 1960-talet vart det lagt fram vatn i røyr frå "Stokkane" til ny mjølkekjøling og til vassforsyning til fleire av sætrene, og det er frå der vatnet i kranene kjem nå.

Det var viktig å ha god tilgang på vatn, og i turre bolkar eller somrar kunne bekken bli turr. For å bøte på det, la dei fram vatn i handgraven grøft frå Streittjønn, som ennå kan brukast.

3. LOKKARRÅK

Dette er lokkarråka til Paradisområdet, råka som budeiene brukte når dei lokka (slepte ut) kyrne på beite om morgonen, og som kyrne brukte når dei kom att til sætra. Her deler råka seg slik at Paradis-runda fyljer det nederste og vi kjem da til Nedre Paradis, og går vi det øvste, kjem vi ovanfor Øvre Paradis til Rausteinane.

Budeiene valde retning for lokkinga mykje etter været, men også for at alle aktuelle beiteområde skulle bli nytta. I finvær lokka dei gjerne opp i høgda, som hit mot Paradis, eller dei lokka vegen mot Folldal, og det kalla dei gjerne "attover". Når det var surt og kaldt, lokka dei gjerne ned i skogen. Ofte lokka fleire budeier etter kvarandre på same kanten. Vanleg storleik på buskapen på Tollevshaugen var frå 6 til 15 kyr.

Når budeia lokka, så sleppte ho først kyrne ut av fjøset,



så gjekk ho framom og lokka og hadde da med seg ei lita bytte med litt salt og mjøl i som kyrne åt av handa henhar. Ei god bjølleku gjekk ofte først både når kyrne gjekk etter budeia og når dei kom att om ettermiddagen eller kvelden.



Når budeia hadde gjeve alle kyrne ein sleik frå bytta og gjekk frå dei, fylgde dei bjølleku si og gjekk saman i ein buskap heile dagen, og kom oftast att av seg sjølve.

Utpå seinsommaren hende det at kyrne gjekk så langt at dei ikkje kom att før langt på kvelden eller utpå natta. I mørkret da var det ikkje så greitt å vere budeie. Kyrne kunne også gå langt når dei "soppa" (gjekk etter sopp). Somme buskapar gjekk ofte til andre sida av elva, "burt i Lunnin" som dei sa. Det var sterke råk som dei fylgde når dei skulle heim att, og som det var namn på. Var kyrne seine til å kome, sto gjerne budeia å hulla og lokka.



Marit Hovde som budeie på sætra.



Heim til kvelds.



Meandere

4. DALBOTNEN OG VASSDRAGA

Nede i dalbotnen buktar elva Grimse seg mot aust i sving etter sving. Svingane er blitt til ved at elva grev i utsving og legg att masse i innsving og dannar dermed meandrar. Du kan sjå slike over heile den flate delen av dalbotnen, og det syner at elva stadig har skifta far. Du ser også små kroksjøar der det har vore ein sving før.

Grimse renn ned i Folla ved Grimsbu og ikkje ned i Atna som ein helst skulle tru. Dit renn elva frå Dørålen, som har sitt utspring i botnane mellom Rondetoppane. Haverdalsåe, som kjem frå Haverdalen, renn ned i Grimse i Stakstogjelet nedanfor Grønbog der Grimse gjer ein heil S-sving. Berre ca. 200 m frå Grimse er nedre Haverdalsfossen, ein fin foss med jettegryter og naturleg tunnel. Men for å sjå den må ein over Grimse.




Haverdalsfossen.
(Foto: Hans Bergseng)



5. PARADIS

Råket til nedre Paradis, som vi nå har gått, er eit mykje brukt turråk frå Tollevshaugen. Det går her eit stykke etter ei strandline (sæte) eller smelte-vassløp danna ved nedsmeltinga etter siste istid da innlandsisen stengde for avløp austover og vatnet fekk avløp mot Folldal i nord, ved sida av Gravhøe. Flata vi nå står på, er også eit slikt sæte, og du kan sjå kor vatnet har vaska jorda av fjellskrentane her. Av same grunn ser du også tydeleg ei flate i terenget i same høgda på Gravhøtangen, den austre enden av Gravhøe.

I retning mot Streikampen ligg Raudsteinane. Det er fjell og steinar av hardare fjell enn grunnen i området elles og er av same slag som Tollevs-haugkyrkja, som står att etter at isen har skura vekk lausare fjell under siste istida.



Panorama over fjella med navn

Den fine utsikta herifrå er mot ytre delen av Grimsdalen, mot Rondane og Atndalsfjella mot Alvdal vestfjell. Fjella frå vest er Gravhøe, Stygg-høn, Digerronden, Midtrondane og Høgronden. Framfor er Storkringla og Vestkringla med Ørnihovda i forgrunnen og Streikampen heilt til venstre. Bak frå venstre er fjella på austre sida av Atndalen Sølenkletten 1827, Kykkjeketten 1574, Bukledden 1532, Skjellåkinn 1706, Gravskardhøgde 1767, med Steukampen 1440 og Eriksrudhøe 1535 framfor og Blåkampen 1621 til høgre mot Aindalen.

Nærrområdet du ser utover frå her, var eit viktig område for sæterdrifta på Tollevshaugen, både med omsyn til beite og ved.

6. BJØRKESKOGEN

Før det vart bilveg, mens det var ysting på sætrene, var det bruk for mykje ved. Det var årleg utvising innafør det området som sokna til kvar sæterstul (sætergrend). Ein del av utvisingane til Tollevshaugen gjekk for seg i området her, og ein del på andre sida av Grimse.

Gard eller bruk med skyldmark (verdsetting av eignedom) under 1, fekk tre lass ved. Vidare fekk dei eitt lass i tillegg for kvar skyldmark. I 1915 var det 44 sætrer i Grimsdalen og det var utvist 194 lass ved. Kvart lass var på 10 bjerk. Det var strengt med at ikkje utvisinga kunne overhoggast. Men dette var mykje ved, og det gjekk hardt utover bjørkeskogen i nærområda til sætrene, og med den harde beitebruken var det umogleg å få opp att ny skog. Skogforvaltarane skreiv til allmenningsstyret i 1923 og 1927 og åtvara mot følgjene av for stort uttak. Dei skreiv at det var ikkje nok å avgrense brenselforbruket, men ein måtte også frede større areal for å få opp att skog. Det var opptakta til fire verneskogfelt som vart inngjerda i åra framover, ved hjelp av dugnadsarbeid og pengar frå "Statens kulturbevilgninger" og frå Oppland Skogselskap.

Da verneskogfelta var inngjerda, kom småbjørka som ein åker. Og da gjerda vart tatt ned att etter 25-30 år, var det mindre bruk for ved på grunn av at det var slutt på ystinga. Nå, 70 år etter, er det eit større problem at skogsliene gror til. Dei siste åra har skoggrensa krope oppover. Det er ikkje lett å vere framsynt, men det må vere rett å vere føre var. Og særleg fjellskogen krev langsiktig resursforvaltning, og det har vore tilfelle i Grimsdalen.



Vedkøyring med hest



Storfuru
(Foto: Hans Bergseng)

7. TOLLEVSHAUGEN VERNEOMRÅDE

Dei store gamle furutrea som står her ikring, var berre for nokre tiår sidan glissen utkant av furuskogbeltet nedanfor. Denne furua er truleg den største av dei. Den er ca. 1 m i diameter i bryst-høgde og er truleg ca. 380 år gammal. Den står 1000 m over havet, og vi veit ikkje om så grov furu i den høgda andre stader her i landet, og denne furuskogen skal vera av dei som ligg høgst. Det har truleg vore lynnedslag i Storfurua, derfor er eine sida utan bork. Eit areal på ca. 870 dekar av furu-skogen er verna ved fredningsvedtak i Direktoratet for statens skoger, utstedt den 7. mars 1979 for Tollevshaugen verneområde. Hovudformålet var å frede dei gamle trea som sto att etter uthogsten i 1956-57, og sjå korleis ungskogen utvikla seg i desse høgder.

Heile Grimsdalen ligg i Grimsdal statsallmenning, og

skogen her er forvalta av Statsskog og styret for Grimsdal statsallmenning, og det er setereigarane i Grimsdalen som har bruksrett.

Frå 1887 har ein gode opplysningar om utvising av skogsvirke, og i tidsrommet fram til 1927 var det stort uttak. Det var skild mellom utvising av ved, gjerdefang, hustømmer og tømmer til å sage materialar av. Det som vart utvist, kunne berre brukast på sætra og til felles formål som t.d. bruer, og det var bot for å ta med heim. I 1889 vart det vedtatt allmenningsreglar som først og fremst tok omsyn til skogen. Det sto i detalj kva som ikkje var lov og kva som kunne hoggast, kva som skulle leggjast til grunn for utvising, når det skulle søkjast og når det skulle hoggast, om forvaltning og straffemulkt. Det var forstassistenten, og seinare skogforvaltaren som skulle vise ut (blinke).



Utvising av tømmer gjekk sterkt ned etter 1927. Det kan ha fleire årsaker. Skogforvaltaren hadde åtvvara mot å hogge meir enn høgst naudsynt, men det kan også ha noko med behovet å gjøre. Det hadde vore stor aktivitet med bygging og reparasjonar, slik at det truleg hadde blitt standardheving. Dette saman vanskelege økonomiske tider og andre ting kunne ha vore med på å gjøre etterspørsele mindre.

Etter nokre år med mindre uttak, vart det opna for hogging til sal for å skjøtte om skogen og for å skaffe pengar til å ruste opp vegen gjennom Grimsdalen. Etter ei drift ved Staksto sæter i 1951-52 på ca. 1000 tre til sviller, vart det i 1956-57 ei større drift i skogen her. Det var folk frå Folldal som kjøpte skog på rot, sette opp



sagbruk på to plassar i skogen og leverte sviller til NSB på Hjerkinn

Mykje av den store gamle skogen vart tatt ut da, men det står att ein del gamle tre her som altså er freda for hogst. Sume er opp til 300 år gamle, og enkelte enda eldre. Etter at beitetrykket minka, og særleg etter at det vart slutt med geiter på sætrene kjem småtolla (småfur) tett og skoggrensa kryp oppover.



8. STAKSTOSÆTER


Her går råket til Stakstosæter (Ekerstaksto). Det er ca. 4 km frå Tollevshaugen og ca. 2,5 km frå her. Det er eit råk brukt ved samkvem mellom sæterstulane, men har truleg ikkje vore køyreveg.

Fra ca. 1950 og i ca. 20 år var Ekre-sætra bortleidd til geitsæter. Da var det ca. 100 geiter der, og dei heldt nede vegetasjonen, men i ettertid kjem småskogen tett også der. Rett ovanfor Ekrestaksto var eitt av verneskogfelta som var inngjerda på 1930-talet.

Ekre-sætra har vore flytta 2 gonger. I matrikelen fra 1668 var den registrert på Verkensetri, truleg var det i Verkesdalen, vart så etablert nede ved elva ved staksto før 1800, for så å bli flytta dit det er nå. Vest for sætra, omtrent midt mellom vegen og elva er det registrert ein haug som truleg er gravhaug (OFK 2003).

Andgardstaksto vart etablert, etter beviliging av futen i 1723, som sæter til Andgard 52/1. Garden vart seinare delt i fleire bruk, som også fekk sæterrett der.

Sæterstugu frå Andgard flytta til Bjørnsgardstunet ved Bogstadvatnet i Sørkedalen, 1948.
F.v.: Aslaug Andgard Tallerås, Ronnaug Lien
og Ella Andgard.



Ved Andgardsstaksto er det ei sjeldan, 36 m lang utleggsbru, truleg fyrt bygd i 1790-åra. Den skulle restaurast og fredast, men vart tek'n av istrang våren 1979. I 1996/97 vart den restaurert/nybygd lik den gamle, under leiing av Bygningshistorisk park på Dovre.



9. GEITENE

I tillegg til kyr var det geiter på dei fleste sætrene på Tollevshaugen, og ein vanleg geitebuskap der var ca. 20 dyr. Dei vart ofta jaga samla til området her. Før krigen var det ofta ungut som var gjetar. Han fylgde ikkje eitene heile dagen, men måtte passe på så dei ikkje kom inn på kveene.

Seinare var det budeiene som hadde ansvaret for geitene kvar sin dag. Dei vart jaga samla ved sjutida om morgonen til området her. Så måtte dei attende og lokke kyrne, og heile dagen måtte dei ha eit auga med geitene, og kom dei att for tidleg, måtte dei jaga dei att på nytt. Men ofta vart dei "snille" og gjekk heile dagen og kom att av seg sjølv når dei skulle mjølkast. Dei jaga geitene så langt fordi ein ikkje måtte la dei venjast med å kome inn på kveene, da kunne dei bli "leie". Her var som ofta utgangspunktet for dagsrunda, og dei rak mykje og kom ofte att frå ein heilt annan kant. I uvær går ofta geitene mot været og kunne stundom bli seine eller måtte hentast.

Ved sida av at det var dyr på alle sætrene og såleis høgt beitetrykk, var særleg geitene harde til å ta busker og små skogsplantar. Det hindra gjenvekst av skogen, og gjorde sitt til at verneskogfelta vart etablert. Og da geitsætra, Løken, vart etablert.

Det var geiter på Tollevshaugen fram til på 1960-talet, etter gradvis minke.

Sætra som ligg nede i dalbotnen, er Løken sæter. Den var bygd som fellessæter for tre geitebuskapar i 1979-80. Dei fekk ikkje sleppe geitene på beite på denne sida av Grimse om omsyn til furuskogen her. Alle dei har sluttat med geiter, og sætra er seld og tatt i bruk til sæter for kyr.



10. TILGROING

Kulturlandskapet i Grimsdalen er resultat av lange tidsrom med intensiv sæterdrift og høg grad av ressurs-utnytting. Dei mest verdfulle områda med omsyn til biologisk mangfald ligg i velhevda utmarksbeite rundt sætrene.

Dette har stor interesse i nasjonal samanheng, og som ei oppfølging av tidligare prosjekt vart det i 2002 sett i gang eit prøveprosjekt med formål å prøve ut tiltak for å motvirke at Grimsdalen gror att, med midlar frå fylkesmannens landbruksavdeling. Det er fem delprosjekt og desse er:

1. Ambulerande geitflokk/ammegjeiter.
2. Mekanisk krattknusing.
3. Auka utmarksbeiting.
4. Hogst av bjørkeved.
5. Stimulere til auka sætring/tilrettelegging for sæterdrift.

Alle tiltaka er prøvd og evaluert kvart år. Av desse er det auka utmarksbeiting ein best legg merke til. Utan omsyn til beiterett blir det frå omkringliggjande bygder tatt inn beitedyr, 3-400 storfe og 20-30 hestar, og det er organiseringa av prosjektet, gjetar med hest og hund og tilskot til frakt, som kostar mest.

Tiltaket er fylgd med interesse. Det er sikkert viktig å halde oppe beitetrykket for å avgrense at det gror att. Men det viktigaste på sikt er vel å stimulere til framtidig bruk.

Prosjektet har vore tilrettelagt av kommunen, men er nå brukarstyrt.



Hesteflokk på beite.